



# *Årsmelding*

## *2010*

Medlem av:

Sogn og Fjordane Fotballkrins, Sogn og Fjordane Friidrettskrins, Sogn og Fjordane Handballkrins.

# ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2010

## Hovudstyret:

Beate Kornberg	Leiar	(Valgt 2010)
Inger Gimmestad Gule	Nestleiar	(Valgt 2010)
Lars Ulvestad	Kasserar	(Valgt 2005)
Merete Sælen	Sekretær	(valgt 2007)
Magnar Holme	Styremedlem	(Valgt 2008)

1 vara:	Rune Gimmestad
2.vara:	Jon Arne Pedersen

## Aktivitet i styret:

Hovudstyret i Brodd har hatt tre møter i løpet av året. I tillegg har styremedlemene og leiarane i dei ulike gruppene, hatt jamnleg kontakt gjennom bruk av E-post og SMS. Desse hjelpemidla har vore nytta til å utfordre og fordele arbeidsoppgåver, utveksle og vidarese informasjon og brev frå idrettskrinsen og til å halde kvarandre oppdatert på status i saker.

På det fyrste styremøte etter årsmøte, deltok gruppeleiarane i delar av møte. Der vart det lagt ein grovplan for sommaren og hausten sitt program, og oppgåver vart fordelt. Mye av året har gått med til å få oversikt over aktiviteten i idrettslaget, sette seg inn i tilkomne saker og få på plass viktige funksjonar.

## Fordeling av viktige verv og oppgåver i styret:

Inger Gimmestad Gule avløyste tidlegare leiar, Jon A.Ravnestad, som Brodd sin representant i styret for A/L Runnevang. Ho står og som Brodd sin ansvarlege for politiattest.

Magnar Holme har vore kontaktperson inn mot plassnemda.

Sølvi, Lars og Beate deltok på årsmøtet i Gloppen Idrettsråd, der Sølvi vart valgt til vararepresentant i idrettsrådet.

## **Hovudfokus i 2010:**

Det har vore eit år med mange spørsmål og drøftingar om korleis vi skal drive laget vidare. Kva mål har vi med arbeidet vårt? Kva ønskjer vi å oppnå? Kva får vi godt til og kvifor?

## **Økonomi:**

Vi har hatt eit godt driftsår. Økonomien i laget er sunn og god, til tross for nedgang i sponsor- inntektene. Dette har samband med at det ikkje har vore jobba aktivt med dette dei siste åra. Hovudinntektene våre har vi framleis gjennom medlemspengar, treningsavgift og tilskot frå NIF og kommunen. I tillegg vil vi framheve verdien av det dugnadsarbeidet som vert gjort, både gjennom basarar, flaskeinnsamling, vedlikehaldsarbeid og oppdrag for næringslivet i Gloppen. Styret vil her spesielt framheve dugnadsinnsatsen som ble gjennomført i samband med Sandane-dagane. Gruppene tok medansvar å stille med til saman rundt 15 dugnadsarbeidarar som gjorde ein kjempejobb med å rigge opp og ned stortelt og partytelt. Vi ble lagt merke til og fikk sær gode tilbakemeldingar av arrangørane! Styret vil takke alle, som på ulike måtar har delteke i dugnadsoppgåvene, for innsatsen!

## Gjennom året har styre arbeidd med følgjande oppgåver / saker:

- Førebud årsmøte.
- Organisert flaskeinnsamling, og dugnad i samband med Sandane dagane.
- Inngått halvtårsavtale med NOMIL om søppeldunk/ søppellevering ved sandvolleyball- bana som er mye i bruk gjennom sommerhalvåret.
- Innvilga søknad om å kjøpe inn nye fotball-/handballdrakter til miniputtane.
- Skaffe nye trenarar / ansvarlege for einsskilte treningar, og koordinere treningane i Runnevang for inne-sesongen 2010/2011.
- Sett på om det er mogleg å samle treningane på færre dagar/ evt. tettare for å bidra til reduksjon av strømutgifter for AL Runnevang. Dette lot seg ikkje gjere inneverande sesong, da vi og må koordinere oss med lag-aktivitetar i Firdahallen i regi av andre idrettslag.
- Innkrevjing av medlemspengar og treningsavgift.

- Vurdere etablering og bevisst bruk av eigen nettside gjennom klubben.no eller svedu.no. for å nå raskt ut til medlemmane våre med informasjon og evt. diskusjonar. Styret ønskjer å ta nettsida meir i bruk !! Dette vil det bli jobba vidare med.
- Utsending av eit vår - og haustnummer av Broddnytt, i meir fyldig utgåve, både som papirutgåve og på Svedu-no. I tillegg hadde leiaren ein førjuls-artikkel om Brodd i Gloptimisten.
- Arrangert Broddmarknad der vi fekk inn **32 000,-kr.netto**.

-

### Medlemstal 2010:

Jenter (0-19)	Kvinner	Sum
45	90	135
Gutar (0-19)	Menn	Sum
50	79	129

### Medlemspengar/Treningsavgift :

Satsane for medlemspengar og treningsavgift har ikkje vore endra sidan årsmøte for 2007. Gjeldande satsar er:

	Medlemspengar	Treningsavgift
Familie	500.-	600.-
Vaksne	250.-	400.-
Barn	100.-	200.-

## ÅRSMELDING FRÅ TRIM/IDRETTSMERKE GRUPPA 2010.

Trim/Idrettsmerke-gruppa har hatt denne samansetninga i 2010:

Arvid Lothe    leiar  
 Jorunn Seljelid  
 Grethe Risholm Jakobsen  
 Odd Flatjord  
 Magnar Rauset

Gruppa har hatt 2 fellesmøte, mange telefonar og samtaler gjennom året.

### **Økonomi:**

Til fjelltrimmen/hardhausen fekk vi 4 sponsorar, Sfe, Trebo-Hus AS, Økonor Gloppen og Eurofoto AS.

Vi takkar for støtta. Så hadde vi to flaskeinnsamlingar, i april og desember.

### **Idrettsmerke:**

Det var 8 stk som tok merket i år. Fem av dei skal få utdelt merker.

Inger Haldis Aske Lothe	5 ganga	Id.mer. Sølv
Odd Lothe	20 «	« Krus
Anne Randi Roset	31 «	Hederspris
Jorun Gimmestad	32 «	Hederspris
Tordis Sande	33 «	Hederspris

Vi gratulera så mykje.

### **Fjelltrimmen:**

Fjelltrimmen hadde 7365 besøkande, fordelt på Traudalsråsa 1239, Traudals nibba 596, Ravnestadtøylen 1246, Arnestadnakken 453, Breidalen 320, Berdalsegga 416, Eikenesstøylen 787, Eikeneshesten 100, Svarthammaren 122, Rausetestøylen 1681, Nautefjellet 405.

Det er ein auke på 1818 besøkande frå 2009, det er kjempe kjekt å sjå at så mange brukar naturen til å halde seg i form.

Gruppevinnarane i fjelltrimmen er:

0-15	Bjørnar Eikenes	315 poeng
16-59	Eva Fitje Holme	1566 poeng
60+	Annlaug Rygg	1160 poeng

Vi gratulerar. Så vil eg takke Vidar Rygg for å ha laga 2 postkasser i karbonfiber til oss på Traudalsnibba og Berdalsegga.

### **Hardhausen:**

Det var 19 stk som gjekk HHP, det er ein nedgang på 27 stk frå året før.

### **Arrangerte tura:**

Trimgruppa la opp til to fjellturar i sommar. Ein tur frå Langedalen via Ångsdalen til Breidalen, den andre til Hyeneshesten. På grunn av dårleg veir valde vi å avlyse turen til Hyeneshesten.

Turen frå Langedalen til Breidalen 27.07 var ein fin tur der veiret viste seg frå ei god side. Det var 19 turdeltakarar både store og små.

### **Trim i Runnevang:**

Dametrimmen vert leia av Hege Aagård og Randi Arnestad.

Aerobic blir leia av Hege Aagård og Nina Heggheim.

Tusen takk til instruktørane som stiller på år etter år, og gjer ein kjempe jobb.

Så vil eg takke medlemmane i gruppa for godt utført arbeid i 2010.

Helsing Trim/Idrettsmerke gruppa.  
V/ Arvid Lothe.

## Årsmelding frå friidrettsgruppa for 2010

Friidrettsgruppa har i 2010 hatt denne samansetninga:

Sølvi Holme Sælen - leiar

Bjørn Kåre Eikenes

Hans Jørgen Sande

Randi Arnestad

Jørund Årdal

Vi har hatt 2 styremøter dette året, og har elles hatt kontakt pr.telefon og e-post.

### Økonomi

Sidan vi slapp å kjøpe inn premiar til Sørstranda Rundt i år gjekk vi i overskot på dette arrangementet. I tillegg har vi hatt flaskeinnsamling, men elles er det lite inntekter å hente på aktivitetane våre.

### Eigne arrangement

**Sørstranda Rundt** vart arrangert 27.april med rekordstor deltaking og heile 5 løyperekordar! 38 løparar stilte til start i konkurranseklassen, av desse 7 kvinner og 13 under 16 år. I mosjonsklassen deltok 14. Nytt i år var at Sørstranda Rundt er med i Nordfjordkarusellen, så det kan kanskje forklare at så mange stilte til start. Uansett årsak så er det det kjekt å arrangere når deltakinga er så god! No er det å håpe på like god oppslutnad neste år.

**Lagsmeisterskap** i Runnevang og på Loggane. Tilsaman 52 unge var med på desse arrangementa. Dei fekk utdelt premie og diplom på Broddmarknaden i november.

I slutten av mai arrangerte vi eit **seriestemne** i kastøvingar på Loggane. Og i slutten av juli gjekk 3. runde i **kastkarusellen** av stabelen på Loggane.

**Pokalkampen mellom Hyen og Brodd** vart i år avlyst. Årsaka til dette var at verken hyarane eller ryggjarane greidde å stille mannskap.

## Deltaking på stemner

Sesongen starta med deltaking på Oldenstafetten 25.april, her vart det ein flott 4.plass. Helga etter stod Breimstafetten for tur, her vart det ein 7.plass.

Friidrettsesongen skulle i år bere preg av problema med rehabiliteringa av Byrkjelo Stadion. Sidan dette anlegget ikkje kunne brukast, vart det få stemner her lokalt. Likevel reiste fleire av utøvarane våre på Framoleikane i Bergen, Veidekkeleikane på Lillehammer og Tyrvingleikane i Oslo og kom heim med gode plasseringar.

**NCC-leikane** er ein interkrinskamp for 13 og 14 åringar mellom Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland og Agder fylka. Dei beste i kvar krins vert plukka ut til å delta. I år, som i fjor, hadde Brodd 4 deltakarar med. Desse var: Eli Kristin, Jon Andreas, Erlend og Hans. Utøvarane våre kom heim med mange medaljar og bidrog sterkt til at Sogn og Fjordane vart nr. 2! Erlend vart nr.1 i kule og diskos og nr.2 i slegge. Hans vart nr. 4 i slegge og nr. 5 i diskos. Jon Andreas vart nr.2 i 1000 m kappgang og nr.3 i stav. Eli Kristin vart nr.2 i diskos og nr. 4 i slegge.

## UM

Ungdomsmeisterskapen i friidrett for ungdom 15-19 år gjekk i år i Molde. Her hadde Brodd 3 utøvarar med. Desse var Marte, Evald og Vegard. Evald tok bronse i slegge, medan Marte tok bronse i kule og diskos, Vegard vart nr.4 i diskos.

## Treningar

I sommarhalvåret har dei yngste, 6-12 år, hatt treningar på Loggane onsdag. Her har ungdommane våre, frå 13 år og oppover, vore trenarar. Friidrettsgruppa takkar dei for innsatsen, dette har vore stor stas for dei minste. Dei eldste har trena måndag, onsdag og fredag.

Frå og med haustferien har basistreningane fredag i Runnevang gått sin gang. I år er det Daniel og Sølvi som har hatt ansvaret. På det meste har det vore 24 på trening!

Utøvarane i Brodd har trena godt, og fleire har markert seg. Spesielt gjer kastarane våre det godt. Takka vere ein inspirerande og dyktig Jørund Årdal m/hjelparar, hevdar fleire seg heilt i landstoppen. Vi skulle gjerne hatt nokon som prøvde seg meir på løp og hopp. Jon Andreas Kornberg er her ein lovande utøvar, han har til og med prøvd seg både i kappgang og stav! Elles er det å håpe på unge krefter som kjem til etterkvart.

## To utøvarar med i friidrettsforbundet sitt løftprosjekt i kast!

Erlend vart i haust teken ut til å vere med i forbundet sitt løftprosjekt i kast. Frå før er også Marte med i dette prosjektet. **Vi gratulerer!** Det vert spennande å følgje med dei vidare!

## BRODDTOPPEN 2010

Gutar 11- 14 år	Jenter 11-14 år
<b>Nr.1:</b> Erlend Ulvestad 100 M            13,39 s            823 p Høgde u/fart    1, 15 m            813 p Slegge 4 kg     46,33 m            1053 p <p style="text-align: right;"><b><u>2689 p</u></b></p>	<b>Nr.1:</b> Eli Kristin Arnestad 60 m                9,8 s                622 p Høgde u/fart    1,00 m            753 p Kule                11,03 m            989 p <p style="text-align: right;"><b><u>2364 p</u></b></p>
	Gutar 15 – 18 år
<b>Nr.2:</b> Johan Lothe 60 m                9,6 s                784 p Lengde            3,82 m            854 p Kule 2kg         7,97                822 p <p style="text-align: right;"><b><u>2460 p</u></b></p>	<b>Nr.1:</b> Vegard Sælen 60 m                8,5 s                743 p Høgde u/fart    1,25 m            838 p Diskos 1 kg     49,80 m            970 p <p style="text-align: right;"><b><u>2551 p</u></b></p>
<b>Nr. 3:</b> Hans Sande 60 m                9,3 s                581 p Tresteg            10,01 m            801 p Slegge 4 kg     43,57 m            1025 p <p style="text-align: right;"><b><u>2407 p</u></b></p>	<b>Nr.2:</b> Evald Osnes Devik 60 m                9,3 s                527 p Høgde u/fart    1,10 m            711 p Slegge 4 kg     47,88 m            967 p <p style="text-align: right;"><b><u>2205 p</u></b></p>
<b>Nr. 4:</b> Jon Andreas Kornberg 60 m                8,74 s                800 p Lengde            4,15 m            760 p Kule 3 kg         8,68 m            583 p <p style="text-align: right;"><b><u>2143 p</u></b></p>	
<b>Nr.5:</b> Runar Hellerud 60 M                9,7 s                649 p Lengde            3,51 m            712 p Liten ball        48,75 m            761 p <p style="text-align: right;"><b><u>2122 p</u></b></p>	

# Årsmelding frå Handballgruppa 2010

Styret for Handballgruppa har hatt den same samansettinga, med Janne Osnes som leiar.

**Aktiviteten** i handballgruppa har endra seg betydeleg denne sesongen. Styremedlem Torbjørn Sælen har vore trenar for x-Broddarane som har sin første sesong som GHK spelarar. Han har likevel stilt på for handballgruppa og vore ute å samla flasker. Vi fekk unnagjort flaskesamling men har ikkje hatt noko arrangement.

Det har ikkje vore nødvendig å samle styret. Vi har hatt telefonisk kontakt ved behov.

Handballgruppa fekk igong "Minihandball" i Runnevang for ungar i alder ca 6-10 år. Odd Lothe tok på seg å være trenar i år også og vi i styret nyttar høvet til å takke han for at han nyttar så mykje av fritida si på ungane våre!!

"Miniane" har delteke på 3 turneringar, både i Stryn, Måløy og på Eid. Siste turnering blir i desse dagar på Sandane. Rundt 8 ivrige ungar har vist speglede og iver.

Nokre av desse kan starte i seriespel til hausten. Dersom ein skal klare å oppretthalde tilbodet om "minihandball" i Runnevang, treng ein fleire interesserte ungar og foreldre som kan bidra, evt være trenar!

## Årsplan:

"Dersom vi har interesserte ungar, har vi håp". Brodd har vist igjen i handballen dei siste åra. Vi har vore utruleg heldige som har hatt "parhestane" Torbjørn og Magne som trenarar og eit stort interessert gutekull dei siste åra. Dette har vist oss at dersom ein har ungar nok og engasjerte foreldre, kan ein lukkast som liten klubb. Mange foreldre opplever no at ungane vil inn på Sandane for å trene ilag med klassekameratar. Det kan være forståeleg, men utfordrar oss lokalt. Det får bli opp til årsmøtet å ta diskusjon og avgjersla om framtida for handballgruppa i Brodd.

Eg takkar for meg og seier takk for innsats til alle som har vore med i handballgruppa.

For handballgruppa

Janne Osnes

# Årsmelding frå SFT Gruppe 2010 (Ski – Fotball – Turn)

## Styret har vore samansett av:

Pieter Koopmans (Leiar), Terje Arnestad, Henny Frøyen, Gro Alise Jakobsen og Siv Karin Eikenes.

Gruppa har ikkje hatt noen formelle møter, men har hatt telefonkontakt o.l. ved behov.

SFT – Gruppa arrangerte turnbasar 30. april med turnoppvisning, utdeling av premier frå Barn i løypa og utlodning av kaker og fruktfat. Det kom inn ca. 10 000,- kr.

## Ski:

Første del av 2010 var ingen god sesong for ski og "barn i løypa", med svært varierende temperatur og lite nedbør. Det vart allikevel arrangert 2 - 3 kveldar med "Barn i løypa". Mellom 40 og 50 barn og unge deltok.

I ein av kuldeperiodane vart det gjort forsøk på å lage ei lita skøytebane, og SFT-gruppa arrangerte ein aktivitetssøndag med både ski- og skøyteaktivitet og pølser på bålet. Dette vart eit kjekt og verdsett møtepunkt for mange familier.

## Fotball:

Vi kan sjå tilbake på ein god sesong. Treningane var godt besøkt med ca. 20 barn kvar gong. Ved sida av dei vanlige treningane på Loggane var det ofte stor aktivitet nede i Ballbingen, organisert av barna sjølve.

Sesongen starta tidleg med ein turnering i Stryn for dei eldste gutane. Ein vakker dag med nye, ukjende motstandarar frå Stryn og Hornindal. På grunn av stor innsats og gode resultat var det ein dag vi kan vere fornøgde med.

Der vi i tidlegare år har slitt med å sette saman lag, kunne vi i år stille med 3 lag på alle fire turneringane! Værforholda på turneringane var svært variert, men det var ikkje noe å utsette på innsatsen til miniputtane våre.

## Turn:

I Runnevang har turntreningane gått som før både i vårsemesteret og haustsemesteret. På mandagane dei aller minste og på onsdagane 2 turngrupper med born i skulealder, 1.-3.kl. og 4.- 6.kl. Mellom 12-15 born har delteke på begge partia. Hege og Lena hadde ansvaret for treningane med dei minste fram til sommaren, deretter har den vore dreve av foreldre. Odd Lothe har hatt hovudansvaret for begge onsdagstreningane!!

Helsing SFT- Gruppe